

Land (gnr. 143)

Land: Gardnamn som viser til sjølve jordgrunnen land. – land er ein vanleg etterled i samansette namn: Roland, Rudland, Hovland, Ulland. I Fåberg har vi altså dertil sjølve grunnordet brukt i gardnamnet Land. Skrivemåten av gardnamnet Land har vore uvanleg stø. Frå dei siste 300 år har vi ikkje sett eit einaste avvik frå Land.

I gamle skrivne kjelder finn ein garden nemnt i manntalet for Kvegskatten 1657, og brukare der, Lauridz (Lars) land, hadde slett ikkje så få husdyr. Det var 1 hest, 6 naut, 10 geiter, 6 sauer og 1 gris.

Ved matrikuleringa i 1668 var det samtidig skyldsetting av garden, og den vart da samanlikna med Hoelen. Om dette er det elles fortalt slik: ”Engen er Temmelig goed, och kand forbedris, efter besigtelsen Kand samme pladtz Estimeris ligesaa høyt for schat och schyld som Hoelen, skoug till gaards Nytte, Ingen Setter Endnu berettiget.” – Av andre opplysningar frå 1668 tek vi elles med at landskylda av garden vart sett til 3 skinn eller 1 bismerpund 8 merker smør, og jordherren som skulle ha landskylda, var da ”Velbr. Oluff Rytters arffinger”. Men brukar på garden var framleis Lauridtz (Lars) Land. Det er vidare opplyst at buskapen av store husdyr da var 1 hest og 8 naut, og at korntianda vart utreidd med $\frac{3}{4}$ tønne, som altså svara til ei årsavling på kring 7-8 tønner.

Tretten år seinare vart det ved tinget på Mellem i Faaberg lese eit skjøte frå hr. amtmann Otto Bielche til Olle Land i Faaberg på ”hans påboende Gård Land”.

Fleire og nyare opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget av 1723. Der er det om garden Land fortalt at den ligg i sollia, men at den da var tungbrukt. Jordarten der er ”temmelig god, dog noget tørlent”, og Land hadde da fått seter, men med berre ”maadelig god hamn”. Buskapen hadde auka og var da 1 hest, 1 føl, 8 naut og 6 sauer, og den årlege utsæd av korn utgjorde kring 2 $\frac{1}{2}$ tønne bygg og litt rug. Vidare går det og fram at Land hadde eiga kvern, og at det var skog til brenneved og gjerdefang. Eigar og brukar av garden var da Lars Olsen Land.

Den daverande husbonden Lars Land f. 1675 var gift med Marit Olsdtr. f. 1672, og dei hadde 4 born. Dei var: 1. Ole Larsen f. 1706, 2. Peder f. Kring 1714, 3. Sigrid Larsdtr. g.m. Arne Jongerud, 4. Marit g.m. Tord nordre Bleken.

Men i 1737 var husbonden Lars Olsen død, og det var skifte på ”Land i Faaberg”. Ved dette skiftet var jordegodset grd. Land av skyld 3 skinn medregistrert i arvebuet, som dermed utgjorde brutto 306 rd. og netto 267 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enka Marit Olsdtr. dei 4 borna som vi alt kjenner. Samtidig med skifte fekk så eldste sonen, Ole Larsen, søskenskjøte på Land ”i Rustebygden til Faaberg prestegjeld” for sum 120 rd.

Ole Larsen Land f. 1706, som dermed vart eigar og brukar av ættegarden Land, gifte seg med Beret Pedersdtr. f. 1736, og dei fekk 6 born. Dei var: a. Marit f. 1732, b. Lars f. 1736, c. Ingrid f. 1739, d. Mari f. 1742, e. Peder f. 1745, g. 1774 m. Ragnhild Thordsdtr. Blegen f. 1774, f. Ole født 1748.

Ole Larsen brukte så farsgarden Land til i 1769, da han kjøpta Land vidare til eldste sonen Lars Olsen f. 1736 for kjøpesum 220 rd. og føderåd til foreldra, som baa enda var i live. Den nye brukaren Lars Olsen Land f. 1736 gifta seg i 1762 med tremeningen sin Sessel Torgersdtr. nedre Dal, og dei hadde 4 born. Det var: 1: Kari f. 1763, gift først med Ole Torsen Bleken og så med Amund Andersen Bjerkehage, Holen, 2. Beret f. 1764, g.m. Jakob Engebretsen Ellingsberg, 3. Ole f. 1768, 4. Marit, g. 1808 med Engebret Engebretsen. I Lars Olsen si brukartid var det god framgang på garden Land. Dette går og fram av skjøtet 20. mars 1797 til sin eneste søn og rette odelsmann Ole Larsen”. Skjøtet galdt da ”grd. Land med underliggende Hoelen engeland av skyld 9 skind for 499 rd.” Dertil kom til kjøpesummen føderåd til baa foreldra, Lars Olsen og Sessel Torgersdtr.

År 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da to familiar på og/eller ved garden land. Det var:

1. familie: 1. Ole Larsen, ”National Soldat og Gaardbeoer”, 33 år, 2. Mari Pedersdtr., f. Lilleberget, husmor, 22 år, 3. Anders Olsen, tenestkar, 19 år, 4. Marit Larsdtr., tenestkvinne, 22 år, 5. Mari Christensdtr., tenestkvinne, 21 år.
2. familie: 1. Lars Olsen, føderådsmann, 64 år, 2. Sessel Torgersdtr., kona hans, 64 år. Husbondsfolka Ole Larsen og Mari Pedersdtr., som hadde gifta seg i år 1800, fekk og 6 born. Dei var: 1. Lars f. 1802, b. Peder f. 1804, c. Ole f. 1806, d. Sessel f. 1811 g. 1830 med Simen Olsen nordre Rustaden f. 1810, e. Eli f. 1813, f. Anne f. 1822.

Litt meir om storleiken på gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om ”Land med Hoelen” oppgitt at buskapen av store husdyr i den tid var 2 hestar og 12 naut, og den årlege kornavlinga utgjorde kring 36 tønner.

Seks år seinare var i 1825 husmora Mari Pedersdtr. død, og det var atter dødsbuskifte på ”Land i Faaberg”. Ved dette skiftet vart garden land taksert for 900 spd., og arvebuet utgjorde brutto 1499 spd. og netto 1375 spd. Arvingane ved skiftet var dei 6 borna i ekteskapet som før er nemnde, og som alle framleis var i live. Samtidig fekk så eldste sonen Lars Olsen f. 1802 kjøpekontrakt på farsgarden Land og lånte med et same 151 spd. av søskena sine. – Frå denne tid er og eit kommisjonsforlik av 1828 om hogstrett for Holen Ødegaard i sameige for Holen, Land, Bleiken og Presterud.

Det nye brukaren av garden, Lars Olsen Land f. 1802, gifta seg i 1826 med Ingeborg Hansdtr. Aanstad f. 1804, og dei fekk i 1826 sonen Ole, som vart eine-barn.

Bror til husbonden, Ole Olsen Land f. 1806, kom til Heramb på Ringsaker truleg som tenestkar. Her vart han gift og budde på plassen ”Lagestugua” under same garden. Søstera Anne Olsdtr. f. 1822, som vi kjenner frå før, vart gift med Johs. Olsen Torgersrud, og dei kjøpte Reiten i Follebu, der Anne døde i 1864. Året før i 1863, gifta Peder Olsen Land seg med Anne Olsdtr. Torgersrud. Enkemannen Johs. Torgersrud reiste visstnok til Amerika. Ved matrikuleringa av gardane i 1838 fekk garden ”Land med Holen-Ødegaard” som si nye skyld: 4 skylddalar 2 ort 19 skilling, og det var da Lars Olsen f. 1802 som var eigar og brukar av Land.

Meir om storleiken på gardane i den tid går fram av folke- og jordbrukstellingane i 1865. – Der er det om Land fortalt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkje da skulle vera 171 mål, og av dette var 52 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det oppgitt at buskapen på Land med husmannsplass var: 2 hestar, 14 storfe og 16 småfe, og den årlege utsæd var til vanleg kring 7 tønner korn og 6 tønner settepoteter.

Same året, altså i 1865, gav så faren Lars Olsen f. 1802 skjøte til sonen Ole Larsen f. 1826 på ættegarden Land for kjøpesum 400 spd. + eit føderåd av 5-årleg verdi 250 spd. til foreldra Lars og Ingeborg Land.

Ole Larsen Land som dermed tok over som eigar og brukar, gifta seg med Helene Gudbrandsdtr. Fonstad frå Follebu, som elles på morssida var ætta frå Tollersrud i Fåberg. Dei fekk i sitt ekteskap dottera Ingeborg Land.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i mark og øre. Garden ”Land med Hols-Ødegaarden” fekk da gardsnr. 143 av samla skyld 7,14 mark, og det var da framleis Ole Larsen som var eigar og brukar av garden.

Som eit streif av nyare tid tek vi elles med at ved kommunevalet i 1907 budde det tre personar med røsterett på Land. Dei var: 1. gardbr. Ole Larsen Land, 80 år, 2. husmor Helene G. Land, 67 år, 3. tenestekar Hans Olsen, 33 år.

Av handlar i seinare tid med grd. Land og/eller parsellar av garden, er elles å nemne at i 1922 skjøta så husbonden Ole Larsen ættegarden Land over til svigersonen Herman Jensen g.m. Ingeborg Olsdtr. Land f. 1881, som i sitt ekteskap har dottera Helene f. 1923.

Ved jordbruksregistreringa av 1939 var det framleis berre eitt bruksnr. under gardsnr. 143 Land m/Hols-Ødegården. Det var: Grn. 143, brn. 1 Land m/Hols-Ødegården med eit jordbruksareal av åker, hage og eng på til saman ca. 100 mål (da), som Herman Jensen Land framleis var eigar og brukar av.